



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Norsk Dyremat AS avd Sirevåg – Søknad om løyve etter forureiningslova. Utlegging offentlig innsyn

Norsk Dyremat AS avd Sirevåg har den 16.6.2018 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova, jf. §§ 11 og 16 for produksjon av inntil 20000 tonn hermetisk kjæledyrfor.

Verksemnda er lokalisert på gnr./bnr. 95/443 i Hå kommune, besøksadresse Nylund 30, 4365 Sirevåg. Verksemnda er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I (IED-direktivet) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingsskapasitet på over 10 tonn per dag», og skal difor ha særskilt løyve etter forureiningslova.

Verksemnda har avtale med Hå kommune om påslepp av prosessavlaupsvatn til offentlig nett. Fylkesmannen har difor tidlegare ikkje funne det naudsynt å krevje løyve etter forureiningslova, men har på bakgrunn av forskrifta no bedt verksemnda om å sende inn ny søknad.

Mogleg forureining vil vere utslepp av fett og organisk stoff via kommunalt leidningsnett. Det vil i eit eventuelt løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdier for å avgrense utsleppa.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentlig gjennomsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>, og på nettstaden til Hå kommune.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til fmropost@fylkesmannen.no innan 6 veker frå kunngjeringsstidspunktet.